



## Referat møte i Team Hardanger (TH) Tysdag 16.november 2021. Digitalt

**Møtte:** Jan Tjosås, Lisbeth B. Celik, Inge Håvard Aarskog, Mona Hellesnes, Øyvind Stueland, Sigmund Vereide, Andreas Skogseth, Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo

### Sakliste

#### **1. Orientering frå dagleg leiar i Hardangerrådet**

Orientering frå dagleg leiar. *Presentasjon ligg som vedlegg til referatet.*

#### **2. Korona midlar - 4.tildeling.**

Diskusjon mellom kommunane om korleis dei gjennomfører denne og dei andre.

#### **3. Besøksforvaltning - Pilot: Vestland fylkeskommune - Case Hardanger**

Alle kommunane har fått brev frå Vestland fylkeskommune, og i tilhøyrande mail ligg link til spørjeundersøkelsen. Det er Marta Rongved som leiar prosjektet frå VLFK, og ho har sendt ut ein presentasjon av prosjektet. *Ligg som vedlegg til referatet.*

Hardanger er valgt ut til å vera pilot som region i prosjektet, og Stryn er valgt som pilotkommune. No er det forsprosjekt, men arbeidet skal gjerast i hovudprosjekt som startar etter jul. Ber Team Hardanger å ta dette vidare i eigne kommunar.

Veg, transport, offentlege anlegg er det viktig å få kartlegga, og kven som har ansvar og administerar desse.

Me må også førebu oss på ny runde med å kjempa for turistbåtruta sin eksistens.

#### **4. Kompetanse: NAV prosjekt + Stride 4 Stride + næring/skule**

Samarbeid og samhandling på tvers av prosjekt i dei ulike kommunane og fagområder. Stride 4 Stride ser blandt anne på dette, og samarbeider f.eks med prosjekt rådmenna har med NAV med fokus på utenforsk og korleis rekruttera dei inn på jobbmarknaden. Me står ovenfor store utfordringar i nær framtid, korleis får me løyst dei?

Me ser også på formidling av kunnskap om arbeid unge får i skulen idag, og då særleg på ungdomstrinnet. Skulane treng meir kunnskap om lokalt næringsliv for å gje det vidare til elevane.

#### **5. Oppfølging Hardangerkonferansen?**

Det var ein god og innhaldsrik konferanse, med mange bra og varierte innlegg. Det å arranger ein konferanse i det formatet me gjer no, er veldig bra.

Ein viktig ting å løfta er at me i Hardanger ønskjer at større del av verdiskapinga skal tilfalla lokalssamfunn. Det er mykje merksemrd retta mot Hardanger for tida, fordi me har mykje å tilby. Aktørar utenfor Hardanger har stor interesse av å hausta her, og me må vera forsiktige med å la aktørar få fritt spelrom.

Må me tenka nyt på korleis me skal samarbeida med aktørar. Dette heng også tett saman med kva type turistar me ønskjer, og kva produkt me skal selga.

Det er fleire aktørar som ser på Hardanger no. Poenget er at me må vera bevisste på korleis me skal driva fram desse tinga her, og saman er me ein mykje tyngre forhandlingspartner. Kan me samla oss i Hardanger?

Frå Ulvik er dei veldig interesserte i at Fjord Tours skal laga rundtur i Hardanger. Det vil kunna ha stor betydning for Hardanger. Me kan berre sjå til Flåm og den store turismen dei har fått til der. Så frå Ulvik sin ståstad er dette ein veldig interessant aktør å samarbeida med, og betre enne veldig store internasjonale aktørar me no smahandlar med. Me gjer vekk store andelar til globale aktørar slik systemet er i dag, då er Fjord Torus ein betre kanal slik Ulvik ser det.

Det er store endringar i dag, og korleis me kan eiga kundedata sjølve, er også eit viktig spørsmål. Kan dette vera grunnlag for ein debatt på Hardingtinget 2022.

### **Team Hardanger er viktige deltagarar og bidragsytarar på Hardingtinget, og me ber dykk setja av datoен 17.02.2022**

Hardangerrådet har vore sentral i avtalen mellom Skyss og Turistbåtruta. No må me få avklart sesongen 2022, det vil dagleg leiar få avklart raskt.

Utfordingar me folketalsutvikling. Er dette så graverande som Victor Normann seier? då treng me eit nytt "Flytt til Hardanger"?

Team Hardanger vil i samarbeid med Hardangerrådet drøfta dette. Innbyggjarar er viktige for kommunane sine inntekter. Her kan ein starta med å evaluera det gamle "Flytt til Hardanger" og sjå på sluttrapporten som hadde fleire oppfordringar og idear for framtida. *Sluttrapporten er vedlegg til referatet.*

Eit slikt prosjekt må forankrast hjå lokalbefolking også. Viktig at det er fokus bulyst også etter at dei har flytta til regionen. Det er mange ting å ta tak i, men me treng ikkje å gjera det like omfattande. Men me må ha med alle former for tilflytting, meir fokus på kulturforståing.

Befolkningsdrevnen næringsutvikling er bra og lokal verdiskaping.

## **6. Grøn Region Indre Vestland.**

### **○ Oppfølging av sluttrapport**

Heile rapporten skal presanterast i Bergen 22.11.2021

**Rapporten for Indre Vestland skal presenterast på Voss kulturhus 08.12.2021.**

Team Hardanger med andre har fått invitasjon, og utfordra på å senda den vidare til andre som er aktuelle for å møta på Voss.

Leiar i Team Hardanger og dagleg leiar i Hardangerrådet tek del i møtet i Bergen.

Me oppmodar også om at nokon følgjer dei andre regionale møtene.

Viktig at me no tek oppfølging på alvor og brukar resultat til vår fordel!

## **7. Runde rundt bordet**

### **Eidfjord:**

- Arbeider med næringsplan.
- Mange prosjekt og verksemder på gang.
- Eidfjord Resort er igang. Det medfører at kommunen arbeider med eit giantisk renseanlegg.

### **Ulvik:**

- Har valgt prosjektleiing på lokal reiselivsstrategi. Skal bruka MIMIR.
- Arbeidet vert sjølvsagt kobla tett på Nasjonal reiselivsstrategi og arbeid med nyreisleivsstrategi i Hardanger.

- Bruravik utvikling er no igang. Eit spennande prosjekt, som har mål om å vera ferdig med planar iløpet av 2022. Dette er nybrottsarbeid. Dei skal ha lukka anlegg i fjorden.
- Held også på med stadutviklingsprosjekt i kommunal regi, som vil få positiv effekt for reiselivet.
- Det er også mange private som utviklar omdagen, det skjer mykje.

**Kvam:**

- Skal igang med kommunedelplan for Kvamskogen, og på nyåret vert det Kvamskogen konferanse.
- Ny områdeplan for Øystese - mål å få trafikken gjennom på ein betre måte.
- Idrettsanlegg er i spel og Øystese gymnas skal få ny bruk.
- "Skarpen" er nytt næringsanlegg, og no får dei bygga kai.

**Næringshagen i Ullensvang:**

- Hardanger Lift - plan klar for å overleverst til kommunen.
- Hardanger industri hadde møte der Boliden og Hardanger HUB informerte. Det skjer mykje i Odda.
- Neste mandag skal alle 3 næringshagane ha eit felles medlemsmøte, liknade det som var i Ulvik i vår. Denne gongen skal reiselivsnæringa vera tema, og mange av hotella presentera seg.
- Golfklubben i Odda, som må flytta, har bestemt at den skal etablerast i Røldal. No er det søknadsrunde hjå statsforvaltaren.
- Sara er godt igang med rekrutteringsarbeid og attraktivitet på arbeidsmarknaden.

**Næringshagen i Hardanger:**

- Samanslåing mellom næringshagane Hardanger og Voss er i prosess, og det er forventa at dei er eit selskap frå 01.01.22. Ullensvang er tett samarbeidspartner.
- *Local makerspace - Kvam skaparstove* - arbeider igang. Skal på studietur til Bergen. Målet er å få med seg ressursar og kobla dei mot ungdom og pensjonistar, og skapa ein god møteplass der ein stimulerar skaparkraft med kreativitet og utstyr.
- Kvamskogen - arbeider for å letta planarbeidet med lokalt engasjement og fokus på næring i forkant. F.eks er det eit stort behov på utleige einingar, og dei har leiligheter på planstadiet. Samarbeid mellom Kvam herad og Samnanger kommune er viktig.
- Tilbyr alle tenester til alle målbedriftene, uavhenging av kvar dei er medlem.

**8. Innmeldte saker**

Leiar og administrasjon lagar ein møteplan for Team Hardanger 2022. Den vert sendt ut med møtereferatet.